

Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: mandag 12. juni 2023 08:50
Til: Postmottak Alver
Emne: Mjåvassvegen - Tilskot og kva som er utbetalt per 12.06.23.

Hei. Til føring i sak 23/4685. SA

Fra: Arne Haugland <Arne_haugland@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 6. juni 2023 21:42
Til: Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>
Emne: Tilskot

Hei.

Såg litt på tala etter eg snakka med deg i dag.

Otertjørnvegen:

I 2017 vart det gjeve tilskot med kr 750 000,-. N. Kaalaas fekk ordna med tilleggsløyving på kr 100 000,- totalt kr 850 000,-(ref. rekneskapssamandrag nr.10)
I løyvinga går det fram at 10% skal haldast attende til vegen er grusa og godkjend, altså kr 85 000,-

Til Otertjørnvegen har med til no fått utbetalt kr 744 009,-

Grunna ein reknefeil er det utbetalt kr 9 700,- for lite.

Differansen frå det som er utbetalt og det me kan få utbetalt er soleis kr 21 000,-

Dette er løyvde midlar frå 2022, er dei tilgjengeleg?

Me er i gang med noko justering av vegbana. Grunna eit godt tilbod har me tinga masse for å utføra dette arbeidet og være klar til grusing. Har tinga massar for kr 40 000,-

Mjåvassvegen:

Som nevnt byrja me på vegen grunna tilgang på steinmassar. Vert mindre sprenging og ferdig tilkøyrd til same pris.

Noko arbeid er utført, ref. faktura forrige e-post, tot. kr 129 525,-

Dersom det er mogeleg vil det være fint om noko av dette kan dekkast med dei begrensma midlane som kommunen har fått tildelt slik at arbeidet kan halda fram.

Me har og utført noko sprengningsarbeid som inn til viare vert dekka av eigenkapitalen.

Mvh
Arne Haugland
Formann

Haugland skog veglag SA